

# SENIORSURF

DATAKURS FOR SENIORAR

Tema: Klikk deg klok på offentlege nettstadar



# Kva er ein offentleg nettstad?





Offentleg = Stat, fylke  
og kommune

Døme: Nav,  
Helsenorge,  
Statsforvaltaren,  
kommunen si  
nettside

# ID-porten – inngangen til offentlege tenester

ARBEIDS- OG VELFERDSETATEN

Vel elektronisk ID

 <b>MinID</b>	MinID App eller engangskode	>
 <b>BankID</b>	BankID Bruk BankID-app eller kodebrikke	>
 <b>buypass</b>	Buypass Bruk Buypass ID på smartkort, mobil eller nøkkel	>
 <b>Commfides</b>	Commfides Med smartkort	>

[Slik skaffar du deg elektronisk ID](#)

## Litt fakta:

- Brukt av over 1000 offentlege tenester
- Millionar av påloggingar kvar måned

## Kva betyr det å logge inn med elektronisk ID?


- å legitimere seg elektronisk
- å kunne utføre personlege tenester
- å kome inn til opplysningar om deg



Digitale offentlege tenester:

- skattemelding frå skatteetaten
- reseptar på Helsenorger
- pensjonen din frå NAV

# MinID og BankID – kva er forskjellen?



- **MinID:**

- Brukarnamn + passord
- Får eingongskode på SMS eller kodekort
- Brukast til enkle tenester (t.d. sjå skattemelding)
- Lågare sikkerheitsnivå

- **BankID:**

- BankID-app eller kodebrikke + personleg passord
- Brukast til bank, signering og viktige tenester
- Høgaste sikkerheitsnivå



- MinID = enklare innlogging
- BankID = tryggare og kan brukast til meir



[Bruk MinID for å logge deg inn | Norge.no](https://norge.no)

# Altinn versus digital postkasse



- Brukast for å gjere noko
- Sende inn skjema og søknadar
- Sjå og endre opplysningar om deg sjølv
- Krev innlogging med ID-porten
- Døme: Skattemelding, søknadar, skjema frå det offentlege




- For å ta i mot brev
- Digital post frå det offentlege
- Brev som du før fekk i posten
- Krev innlogging med ID-porten
- Døme: Vedtak, brev frå kommune eller stat



# Oversikt digitale helsetenester

Teneste	Type løysing	Kven brukar det?	Typiske bruksområde
<b>Helsenorge</b> 	Nasjonal portal	Alle innbyggjarar i Noreg	Reseptar, journalar, timebestilling, vaksinar, kvalitetssikra helseinformasjon
<b>HelsaMi</b> 	Regional portal (Midt-Noreg)	Pasientar som tilhøyrer Helseplattformen	Timar, journalar, meldingar, videokonsultasjon, prøvesvar
<b>Pasientsky</b> 	Privat digital pasientplattform	Klinikkar/fastlegekontor som brukar Pasientsky	Timebestilling, meldingar, e-konsultasjon, betaling

# MinKommune




- God samleside for kommunale og nasjonale tenester
- <https://min.kommune.no/>





# Oppgåve: Finn fram til rett nettstad

- Når vi søker, får vi ofte mange treff
- Då må vi vere litt detektiv, og **velje den rette nettsida**









## TIPS:

- Sjå etter .no
- Sjå etter ein logo ved sidan av namnet
- Styr unna annonser

Til dømes:  
Nav  
Altinn  
Regjeringen  
Ei valfri kommune eller fylke

- Søk etter ein offentlig etat i Google eller i søkefeltet øvst i nettlesaren din
- Fann du den rette sida?

# Oppgåve: Vi trenar på bruk og navigasjon

- Vi utforskar Skatteetaten sine sider - [Person – Skatteetaten](#)
- Hamburgermeny –  Meny
- Heim-knapp – Sjå etter logo oppe til venstre  Skatteetaten
- Søkefelt – sjå etter eit forstørrelsesglass  Søk
- Chat-funksjon – ofte ein knapp nede til høgre 
- Kontaktinformasjon i botn 
- Hjelpeknapp «Til toppen» 




# Oppgåve: Vi trenar meir lokalt



ULSTEIN KOMMUNE

- Skriv Ulstein kommune i Google eller oppe i adressefeltet i nettlesaren
- Scroll ned og sjå på treffa du fekk
- Finn den rette sida
- Utforsk dei ulike knappane som Skatteetaten hadde
  
- Finn sida om **innbyggjarvarsling** og finn ut kvar kontaktinformasjonen din blir henta frå
- Finn telefonnummera til **vakttelefonar** i kommunen
- Finn ut kvar og **korleis du kan sende inn sensitiv informasjon**
  
- Hugsa du korleis du kom deg tilbake til start?

# Oppgåve: Finn informasjon på Helsenorge

- Gå til **helsenorge.no**
- Finn hamburgermenyen  **Meny**
- Leit deg fram til staden du kan gi eller få fullmakt
- Bruk lenkene til å lese meir, om du vil
- Trykk på søkeknappen  **Søk** og skriv **fastlege** i søkefeltet
- Finn artikkelen om **Timeavtalar**
- Finn lenka som fører deg vidare til **Varselinnstillingar**
- Finn og les forklaringa om korleis du skrur på og av pushvarsel
- Test Chat-funksjonen – om du vil 
- Finn knappen «Forside» eller bruk logoen øvst til venstre for å kome tilbake til start



# Oppg ve: L r meir p  Norge.no

- G  til Norge.no eller Noreg.no
- Finn informasjon om MinID og BankID og sj  om du forst r forskjellen
- Finn ut korleis du kan reservere deg mot digital kommunikasjon
- Valfritt: G  til Oppdater kontaktinformasjon og sjekk om opplysingane dine er riktige

# Oppgave: Finn veggen hos Statens vegvesen

- Gå til [vegvesen.no](https://vegvesen.no) eller bruk snarvegen på MinKommune
- Sjå om du greier å leite deg fram til kvar du kan melde deg på **oppfriskningskurs for bilførarar over 65 år**
- Er digitalt førerkort gyldig i utlandet?
- Kva er prisen på oppkøyring på personbil (B)?
- Er der pågåande vegprosjekt i Ulstein kommune?



# Oppgåve: Bruke hjelpemeny på Altinn

- Søk etter Altinn og finn det rette sida i søketreffet
- Bruk hamburgermenyen og finn staden du kan «få hjelp»
- Finn knappen «Logge inn og komme i gang i Altinn»
- Finn menypunktet «Se opp for svindelforsøk» og les dei generelle tipsa
- Gå tilbake til startside
- Bruk søkefeltet og søk etter «Vergemål»
- Finn «Søknad om vergemål» og les det som står under «Hvem skal bruke skjemaet?»

# NETT-BINGO

Kryss av når du har funne dette på [ulstein.kommune.no](http://ulstein.kommune.no)

Oversikt over kommunale avgifter	Postlister	Opningstidene til innbyggartorg
Sentralbordnummeret	Informasjon om vaksine	Søknadsskjema for følgjekort
Hentekalendaren til SSR	Sende spørsmål til innbyggartorget	Nyheitssak om KI på SeniorSurf
Skjemaet «Kontakt oss»	Dato for neste politiske møte	Botnmenyen
Kvar du kan forstørre skrifta	Ledige stillingar	Booking av byggesaksmøte